



FLYKTINGHJELPEN
NORWEGIAN REFUGEE COUNCIL

TV-AKSJONEN Nrk 24.OKT

Årets TV-aksjon er om knappe tre veker, søndag 24. oktober – på sjølvaste FN-dagen. Innsamlinga i år skal gå til Flyktinghjelpen, ein norsk internasjonal humanitær organisasjon, som hjelper flyktingar der dei er



Førebuing foran TV-aksjonen i Gamleskulen eitt tidlegare år (Foto: Ola Matti Mathisen)

I ulike delar av verda er det 43 millionar flyktingar, og av desse er 27 millionar internt fordrivne, fortel Anniken Kjeka i Kvinnherad Frivilligsentral.

Flyktningshjelpen hjelper menneske på flukt frå krig og konflikter, og har aktivitetar i rundt 20 land. Dei driv flyktningsleirar og distribuerer naudhjelp i tillegg til å gje flyktingar juridisk bistand og syt dessutan for at flyktingbarna får utdanning.

Colombia, Kongo, Sudan, Somalia, det okkuperte palestinske området, Afghanistan og Pakistan er blant dei hardast råka landa. Mesteparten av midlane som kjem inn under årets aksjon, vil verta brukte her.

Flyktningshjelpen har òg ein beredskapsstyrke (NORCAP) på kring 850 menneske, som kan vera kor som helst i verda i løpet av 72 timar dersom det oppstår ei akutt krise. Dei samarbeidar tett med FN.

– Vi oppfordrar folk til å melde seg til teneste på telefon 02025 eller på nettsida www.tvaksjonen.no, der dei vil bli kontakta av sin lokale rodeleiar/bøsseberar-ansvarleg. Særleg kjekt er det dersom foreldre tek med seg ungane på årets viktigaste søndagstur, seier Anniken Kjeka til HusnesNett.

Ordførar Synnøve Solbakken er leiar for den lokale aksjonskomiteen, som elles består av May-Brit Undheim, Marianne Solvoll Landa, Linda Øen, Hashmatullah Khamush Shariati og Anniken Kjeka.

NRK har arrangert TV-aksjon kvart år sidan 1974.

Av Kristian Hus